
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 15.05.2019
Tidsramme: kl 10:00-
Sted:
Saksnr.: 32/19 - 39/19
Arkivsak: 2019/130

Møteleiar:
Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Sigurd Torvik Heian
Hilde Furnes Johannessen

Frå brukarutvalet møte:
Ingrid Løset
Ann Helene Skare

Forfall:
Lodve Solholm

Frå administrasjonen møte:
Konstituer administrerande direktør Nils Kvernmo
Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (styresekretær) og administrasjonsrådgivar Audny Mongstad

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte.

Sak 32/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

Sak 33/19 Orienteringssaker

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Orientering frå konstituert administrerende direktør:
 - Møter med leiarar og tillitsvalte på sjukehuset
 - Inviterer til dialogmøte 20. mai i Molde
 - Gratulasjonar til tilsette som har motteke prisar og akuttmottaket i Kristiansund som har motteke arbeidsmiljøpris 2018.
 - Nokre ord om ulike omstillingsprosessar som er i gang og kva vegen vidare er i helseføretaket.
 - Omtalte ei omstillingsgruppe som skal støtte direktør og klinikksjefar i omstillingsarbeidet framover.
- Forbettringshistorie – redusert bruk av mekanisk tvang i alderspsykiatrien ved Anette Saunes
- Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) – status ved Johan Arnt Vatnan og Knut Ragnar Heimdal
- Status på dei ulike omstillingsprosjekta
 - Status outsourcing-prosjektet v/ klinikksjef for drift og eigedom
 - Status på fleire av omstillingsprosjekta v/ fagdirektør
 - Status på digitaliseringsprosjektet v/ IKT-sjef

Sak 34/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll frå styremøte Helse Midt-Norge 25.04.2019
- Protokoll frå AMU-møte 13.05.2019
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 13.05.2019
- Brev frå Pasient- og brukarombud i Møre og Romsdal
- Uttale frå Eide formannskap
- Brev frå Møre og Romsdal Parkinsonforening
- Brev frå Pensjonistforbundet
- Brev frå tillitsvalte ved Kristiansund sjukehus
- Brev frå Pasient- og brukarombud i Møre og Romsdal
- Klage frå ordførarar på Nordmøre
- Klage frå gravide innbyggjarar på Nordmøre
- Brev frå Sissel A.O. Hareide
- Uttale frå Ørskog kommune
- E-post frå Frank Øien v/ Nordic House
- Revisjonsberetning for Årsregnskap 2018
- Opent brev frå Kristiansund Soroptimistklubb
- Brev frå personalet ved fødeavdelinga ved Molde sjukehus
- Uttale frå ORKide
- Føretaksprotokoll HMR 13.05.2019

Sak 35/19 Statusrapport mars 2019 – Kvalitet, økonomi, aktivitet

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten for mars til orientering.

Sak 36/19 Utsetting av fødesamanslåinga i Kristiansund og Molde

Styreleiar innleia saka med å presentere eit forslag om nytt pkt 3 i innstillinga til vedtak i denne saka. Forslag til ordlyd vart teken fram på storskjerm og lese opp høgt.

Styret fekk ei orientering av konst. adm. dir. om bakgrunnen for saka og grunnlaget for innstillinga til vedtaket.

Det vart stemt over om nytt forslag til pkt 3 skal erstatte opphavleg pkt 3, og dette blei samrøystes vedteken.

Styret ber om at administrerande direktør på neste styremøte legg fram ein sak som greier ut for dei påstandar om feil i faktagrunnlag i sak 26/19, vedlegg 4 om fødesamanslåinga, som er satt fram i vedlegg 10 og 11 i sak 34/19 og som blir satt i samanheng med dei brev som er komme. Styret ber om at utgreiinga konkluderer med eventuelle endringar i tidlegare framsett faktagrunnlag.

Følgjande vedtak blei fatta:

1. Styret sluttar seg til utsetting av samanslåing av fødeavdelingane i Kristiansund og Molde.
2. Styret ber adm. dir. om å kome tilbake med ei styresak som gir ei nærare konkretisering av samanslåingsprosessen, som heng saman med ei samla organisasjonsutviklingsretning mot SNR og ei samla oppgave- og funksjonsdeling.
3. Styret ber om at administrerande direktør på neste styremøte legg fram ein sak som greier ut for dei påstandar om feil i faktagrunnlag i sak 26/19, vedlegg 4 om fødesamanslåinga, som er satt fram i vedlegg 10 og 11 i sak 34/19 og som blir satt i samanheng med dei brev som er komme. Styret ber om at utgreiinga konkluderer med eventuelle endringar i tidlegare framsett faktagrunnlag.

Sak 37/19 Langtidsbudsjett 2020-2030

Styret fekk presentert ein gjennomgang av langtidsbudsjettet av økonomidirektør.

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtek langtidsbudsjettet for Helse Møre og Romsdal for perioden 2020-2030, og sluttar seg til adm. direktør si vurdering av føresetnadane som er innarbeid.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal understreker at arbeidet med økonomisk omstilling må halde fram for å sikre fagleg og økonomisk berekraft i langtidsperioden.

Dei tilsettevalgte (Sigurd Torvik Heian, Anette Lekve og Hilde Furnes Johannessen) ønskjer å leggje til ei stemmeforklaring til sin tilslutning til vedtakspunkta:

Vi ser at forutsetningene for langtidsbudsjettet langt på vei er gitt i form av føringer, prinsipp og tidligere vedtak i HMN og HMR. På bakgrunn av dette har vi besluttet å støtte det framlagte budsjettforslag. Vi ser det likevel nødvendig å uttrykke stor bekymring.

Vi frykter at den lave investeringsramma i langtidsbudsjettet ikke gir rom for å gjøre de mest nødvendige utbedringer som påpekt i bygningsmessig utviklingsplan samt i sårt tiltrengte investeringer i MTU. I dag står bygningsmessige mangler og utdatert utstyr i veien for videre effektivisering. Vi er derfor usikre på om det er mulig å oppnå de planlagte innsparinger som forutsettes i langtidsbudsjettet, og vi frykter at typiske sparetiltak slik som nedbemanninger kan gi negativ effekt gjennom sykemeldinger og økt vikarkostnader. Videre er vi bekymret for at omstillingstiltakene kan gå ut over pasienttilbudet.

For å unngå negative effekter på pasienttilbud, pasientsikkerhet og samhold i organisasjonen er det nødvendig å finne frem til tiltak gjennom grundige og presise analyser og transparente og involverende prosesser med medvirkning på alle nivåer.

Sak 38/19 Rekruttering av ny administrerende direktør i Helse Møre og Romsdal HF

Styreleiar leste opp sitt forslag til medlem i rekrutteringsutvalet. Styreleiar skisserte prosessen med dette arbeidet vidare. Dette vart valt inn samrøystes.

Vedtak:

1. Styret vedtek å opprette eit rekrutteringsutval som har til oppgåve å inngå avtale med rekrutteringsbyrå, gjennomføre rekrutteringsprosessen og innstille til styret i Helse Møre og Romsdal. Utvalet består av følgjande medlem:
 - Ingve Theodorsen
 - Anette Lekve
 - Bjarne Storset
 - Eventuelt ny nestleiar Lodve Solholm
2. Utlysingsteksten godkjennast av styret.

Sak 39/19**Godkjenning av protokoll 05/2019 – styremøte 29.04.2019****Godkjenning av protokoll 06/2019 – styremøte 15.05.2019****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 29.04.2019.

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 15.05.2019.

Ålesund, 15.05.2019

Ingve Theodorsen
Styreleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen